

# Årsmøte 2024 Gloppen Senterparti

*vert halde i kommunestyresalen, Sandane*

*onsdag 31. januar 2024 kl. 19.30*



*Kandidatar klare for valkamp 2023!*

# Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Konstituering
3. Årsmelding for Gloppen Senterparti 2023
4. Rekneskap for Gloppen Senterparti 2023
5. Val etter lova
6. Aktuelle lokalpolitiske saker

Innleiing ved:

- Gruppeleiar Per Jarle Myklebust

7. Arbeidsplan 2024
8. Open post
9. Gjest

## Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

## Sak 2 Konstituering

- Val av møteleiar
- Val referent
- Val av to representantar til å skrive under møteboka

### Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vel desse til møteleiar, referent og to til å underskrive møteboka:

## Sak 3 Årsmelding 2023

Årsmøtet vart helde i Hyen samfunnshus, Hyen torsdag 2. februar 2023. Det var 19 medlemmar til stades. Leiar Egil Fjellestad var sjuk, nestleiar Einar M. Duvold opna møtet og fungerte som leiar. Fylkesleiar Erlend H. Herstad var gjest på årsmøtet.

### Styret i 2023 har vore:

Leiar	Egil Fjellestad
Nestleiar	Einar Duvold
Kasserar	Oddrun Slagstad
Studieleiar	Karoline Bjerkeset
Styremedl.	Ørjan Hestenes
Styremedl.	Margrete Mjellem
Styremedl.	Elise Eide Dvergsdal
Styremedl.	Eivind Steig
1.vara	Jon Elling Vereide
2. vara	Turid Bøyum
3. vara	Marit Elisabeth Larssen



Frå årsmøtet 2023 på Hyen samfunnshus.

Gloppen Senterungdom sin representant har vore Kristian August Vereide.

I tillegg er gruppeleiar medlem i styret med røysterett. Før kommunevalet var dette Magni Aa-Berge og etter valet vart dette Per Jarle Myklebust. Ordførar har møterett i styret som observatør.

## Styrearbeid og valkamp

Aktiviteten i lokallagsstyret har vore lågare enn tidlegare. Arbeidsåret har vore prega av at det har vore valår og aktiviteten i styret har ikkje vore så høg som ønskjeleg. Styret sette ned valkamputval som hadde hovudansvaret for gjennomføring av valkampen. Styret har elles hatt kommunikasjon på e-post og messengergruppe. Laget stilte med full delegasjon på program møte til Vestland Senterparti og møtte på digitalt årsmøte for Sogn og Fjordane Senterparti.

Etter at nominasjonsmøtet var ferdig hadde sjølvstilt lokalpartiet fokus på lokalvalet i haust.

Vi fekk ei svært god liste både med tanke på geografi, kjønn, alder og ikkje minst erfaring og kompetanse. Lista var ei god blanding av personar med erfaring frå kommunestyret og

nye kandidatane. Valkamputvalet organiserte samling for alle kandidatane i juni før vi starta valkampen for alvor. Vi hadde som mål å få med alle listekandidatane på aktivitetar i valkampen. Det lukkast vi med. Vi planla og gjennomførte ein «tradisjonell» valkamp med mykje standsaktivitet i heile kommunen, utdeling av valmateriell i postkasser, flygebladaksjon, men var også særleg synleg på sosiale media med presentasjon av nesten alle listekandidatane i tillegg til politiske budskap. Vi fekk også gode redaksjonelle oppslag og kandidatane var ivrige med lesarinnlegg sjølv om desse kom litt seint i valkampen. Vi har sett at mange bestemmer seg tidlegare og tidlegare slik at det er viktig å kome ut med budskapet og aktiviteten tidleg. Listekandidatane til Senterpartiet var ivrige og stilte veldig godt opp i heile valkampen.



*Pakking av materiell - både nye og gamle kandidatane deltok med stor iver!*



*Frå stand i Hyen i valkampen. Anne Berit Selle, Karoline Bjerkeset, Per Rune Vereide og Ola Solheim.*

I og med at vi ved dette valet hadde ny ordførarkandidat var vi oppmerksame på at andre parti ville sjå på dette som ein moglegheit for å få eit nytt ordførarparti. Mykje av valkampen fekk fokus på at ein måtte få endring etter 56 år med Sp ordførar. Vi lukkast nok ikkje godt nok med å møte dette og få fokus på den positive utviklinga vi har hatt og som vi vektlegg framover. Som resultat av dette gjorde vi eit svakt lokalval. Vi vart likevel største parti.

Når forhandlingane etter valet starta merka vi fort at alt fokus vart på posisjonar i det nye kommunestyret og ikkje på politikk. Vi kom ikkje i grep med å diskutere politisk samarbeid verken med Ap eller Krf. Det beklagar vi og spesielt etter at vi har hatt eit mangeårig samarbeid med Ap, V og SV. Resultatet vart som kjent at vi ikkje er i ein fleirtalskonstellasjon, men er i mindretal i kommunestyret saman med SV.

Vi må no bruke denne perioden for å kome sterkare tilbake ved neste lokalval. Vi har ei veldig god og aktiv kommunestyregruppe som er godt i gang med dette arbeidet. Kommunestyregruppa har hatt gruppemøte nesten kvar måndagskveld sidan valet. Dette heng sjølvstamt saman med at hausten med budsjett- og økonomiplanarbeid tradisjonelt medfører mange politiske møter. Lokallagsstyret er og invitert til å vere med på alle gruppemøta. Budsjettarbeidet vart krevjande, men vi fekk i år tilgang til eit nytt it-verktøy som vi skulle nytte. Dette gjorde at endringar vi gjorde vart innarbeidd i eit fullstendig budsjett og vi fekk synleg gjort alle verknader. Senterpartiet som einaste parti hadde derfor eit heilskapleg budsjettforslag som styrka kommebudsjettet og økonomiplanen for dei komande åra betrakteleg i høve kommunedirektøren sitt framlegg.

Ny skule i Hyen har hatt og hadde no også førsteprioritet. Den er no sikra også i fleirtalskonstellasjonen sitt framlegg. H og Ap gjekk ut med at dei ynskte å selje kraftverdiar (Gloppenstasjonane) for å få ned lånegjelda. Det klarte vi å hindre med vårt klare synspunkt på saka og at vi og synleggjorde dei inntektene desse kan gje kommunen i framtida.

Gloppen Senterparti registrerer gruppemøta og ev. styremøta som studiearbeid knytt til to ulike studieringsopplegg i regi av Senterpartiets studieforbund. I 2023 har også valkamparbeid blitt registrert som studiearbeid. Studieleiar er ansvarleg for å levere inn timar på dette. I 2023 registrerte Gloppen Senterparti totalt 45 timar med studiearbeid knytt til gruppemøta og 17 timar studiearbeid relatert til valkamp. Om lag halvparten av studiearbeidet relatert til gruppemøta vert godkjend og utbetalt i 2024.

### **Medlemmar av Gloppen Sp som har tillitsverv/stillingar**

- Ordførar (*fram til valet -23*) Leidulf Gloppestad er 1. nestleiar i fylkesstyret i Sogn og Fjordane Senterparti. Han er også medlem i KS Vestland (*fram til hausten 2023*).
- Karoline Bjerkeset er fast medlem i klagenemnda for Vestland fylkeskommune og er 1. vara til hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune i tillegg til å vere vara til fylkestinget (*fram til valet -23*). Ho er medlem i Senterpartiet si programnemnd for nytt stortingsvalprogram 2025-2029.
- Per Rune Vereide er tilsett som organisasjonsrådgjevar i Senterpartiet. Han har delteke på ei rekke arrangement i Senterpartiet (sentralt/fylket) i kraft av si stilling. Han er også dei tilsette sin representant i sentralstyret i Senterpartiet.
- Torunn Flatjord er tilsett som fylkessekretær i Sogn og Fjordane Senterparti og deltek på ei rekke arrangement i Senterpartiet (fylket) i kraft av si stilling.
- Erling Sande er vald inn som stortingsrepresentant frå Sogn og Fjordane valkrins og er no kommunal- og regionalminister i regjeringa Støre.
- Signe Bjotheit er politisk rådgjevar for statsråd Ola Borten Moe/Sandra Borch i Kunnskapsdepartementet.
- For senterungdomane i Gloppen syner vi til eiga melding.

### **Kommunestyregruppa i perioden 2019 - 2023**

- Leidulf Gloppestad – ordfører / formannskapet
- Per Jarle Myklebust – varaordfører / formannskapet
- Magni Aa Berge – formannskap/gruppeleiar
- Solveig Lien Gusdal - formannskap
- Bernt Reed – leiar i oppvekst
- Jeffrey Thomas
- Eivind Reed (permisjon)
- Olav Sigurd Gundersen
- Janne Marie Solheim
- Vegard Sårheim
- Jostein Arne Rørvik
- Karoline Bjerkeset
- Per Rune Vereide (fast møtande under permisjon)
- Steffen Fjellestad (fast møtande under permisjon)

### **Kommunestyregruppa i perioden 2023-2027**

- Per Jarle Myklebust – formannskap/gruppeleiar
- Karoline Aldis Bjerkeset - formannskap
- Anders Felde - samfunnsutvalet
- Bernt Reed – driftsutvalet, nestleiar
- Marit Elisabeth Larssen - samfunnsutvalet
- Baard H. Bolstad - driftsutvalet
- Julie Kristin Lothe – driftsutvalet
- Anne Berit Selle – kontrollutvalet, leiar

### **Årsmelding Gloppen Senterungdom**

*Vert lagt inn seinare.*

#### **Framlegg til vedtak:**

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2023.

### **Sak 4 Rekneskap 2023**

Sjå eige dokument.

#### **Framlegg til vedtak:**

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023.

## Sak 5 Val etter lova

Valnemda 2024 har følgjande innstilling til nye styremedlemmar i Gloppen Senterparti:

Verv	Namn	Neste valår
<b>Leiar:</b>	<b>Elise Eide Dvergsdal (ny)</b>	<b>2025</b>
Nestleiar:	Einar Malvin Duvold (ikkje på val)	2025
<b>Kasserar:</b>	<b>Arvid Gimmestad (ny)</b>	<b>2026</b>
<b>Studieleiar:</b>	<b>Marit Elisabet Larssen (ny)</b>	<b>2026</b>
Styremedlem:	Ørjan Hestenes (ikkje på val)	2025
Styremedlem:	Eivind Steig (ikkje på val)	2025
<b>Styremedlem:</b>	<b>Magni Aa Berge (ny)</b>	<b>2026</b>
<b>Styremedlem:</b>	<b>Maria Veien (ny)</b>	<b>2026</b>
<b>Varamedlemer:</b>		
<b>1. Varamedlem:</b>	<b>Per Rune Vereide (ny)</b>	<b>2025</b>
<b>2. varamedlem:</b>	<b>Randi Støyva (ny)</b>	<b>2025</b>
<b>3. Varamedlem:</b>	<b>John Elling Vereide (attval)</b>	<b>2025</b>
<b>Revisorar:</b>		
<b>1. Svein Ravnestad (attval)</b>		<b>2025</b>
<b>2. Anne Berit Selle (attval)</b>		<b>2025</b>
<b>Valnemnd:</b>		
Per Jarle Myklebust		<u>Går ut:</u> 2025
Arvid Gimmestad		2026
<b>Margrete Mjellem (ny)</b>		<b>2027</b>

**Årsmøtet i Gloppen Senterparti gjev valkomiteen for 2025 fullmakt til på eit seinare tidspunkt å redusere tal styremedlemmar frå 8 til 7.**

Valnemnda 2024 har følgjande innstilling til utsendingar til årsmøtet i Sogn og Fjordane Senterparti 2024 2.-3. mars:

Lokallagsleiar og gruppeleiar er sjølvskrevne.

- |                                 |          |
|---------------------------------|----------|
| 1. <b>Karoline Bjerkeset</b>    | <b>K</b> |
| 2. <b>Baard Helle Bolstad</b>   | <b>M</b> |
| 3. <b>Marit Elisabet Larsen</b> | <b>K</b> |
| 4. <b>Einar Duvold</b>          | <b>M</b> |
| 5. <b>Magni Aa Berge</b>        | <b>K</b> |
| 6. <b>Ørjan Hestenes</b>        | <b>M</b> |
| 7. <b>X</b>                     | <b>K</b> |
| 8. <b>X</b>                     | <b>M</b> |

**Vara**

- |                                |          |
|--------------------------------|----------|
| 1. <b>Julie Kristin Lothe</b>  | <b>K</b> |
| 2. <b>Arvid Gimmestad</b>      | <b>M</b> |
| 3. <b>Sonja Jordanger Loen</b> | <b>K</b> |
| 4. <b>Eivind Steig</b>         | <b>M</b> |

**Styret får fullmakt til å supplere deltakarar på årsmøtet i Sogn og Fjordane Sp.  
Styret får og fullmakt til å gjere ei vurdering av tal deltakarar på same møtet.**

**Framlegg til vedtak:**

Årsmøtet vedtek innstillinga frå valnemnda.

## **Sak 6 Aktuelle lokalpolitiske saker**

- Melding frå kommunestyregruppa v/Per Jarle Myklebust

**Framlegg til vedtak:**

Årsmøtet tek orienteringane til vitande.

## **Sak 7 Arbeidsplan 2024**

### **Medlemsaktivitet og lagbygging**

Målet for aktiviteten for 2024 vert organisasjonsbygging og få eit godt fungerande lokallagsstyre i samarbeid med ny kommunestyregruppe. Det vil vere viktig å byggje eit sterkt senterpartilag fram mot stortingsvalet om to år og fram mot neste kommunestyreval. Det må arbeidast for å få fleire medlemmar og auka aktivitet i laget, både internt og ut mot lokalsamfunnet.

- Aktivitet knytt til kommune- og fylkestingsvalet til hausten, stand mm jf. eigen valkamplan.
- Politiske møter knytt til aktuelle saker i kommunestyret og
- Medlemsverving



## Informasjonsarbeid

Gløppen Senterparti skal kommunisere med medlemmene ved å:

- Nytte aktivt sms og e-post til utsending av informasjon til medlemmene. Medlemsregisteret skal vere oppdatert med telefon og e-post for dei som har dette.
- Styret og kommunestyregruppa får eit felles ansvar for å kome med innhald og oppdateringar på laget si heimeside og i sosiale media.
- Bruke sosiale media for å synleggjere politikk og aktivitet i laget.



*Gløppedelegasjonen på program møte i Vestland Senterparti mars 2023.  
Karoline Bjerkeset, Magni Aa Berge, Janne Mari Solheim, Einar M. Duvold,  
Oddrun Slagstad, Ørjan Hestenes, Kristoffer August Vereide, Egil Fjellestad  
og Sonja Jordanger Loen.*

## Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek arbeidsplanen for 2024.

## Sak 8 Open post

## Sak 9 Gjest

